

Frå

Samarbeidsutvalet ved Stamnes skule  
v/ leiar Tonje Tyssebotn Mo  
Toskedalsvegen 209  
5727 Stamnes

Til

Kommunestyret i Vaksdal kommune v/ Ordførar og Rådmann  
Konsul Jepsensgt 16  
5722 Dalekvam

### **Vedk. Uttale om oppveksttun i Sanden på Stamnes**

Saka vart handsama på møte i samarbeidsutvalet på Stamnes skulen 23.11.16. Alle medlem møtte.

SU ved Stamnes skule gav sin støtte til uttalane frå nemnde partar i skulesamfunnet, sjå vedlegg.  
SU er kritiske til den raske prosessen som er sett i gong med å laga eit oppveksttun dersom dette er tenkt innafør skulen sine areal både inne og ute i Sanden på Stamnes.

Sitat frå uttalen frå Utdanningsforbundet v/ Stamnes skule:

«Me ynskjer at prosessen med eit oppveksttun skal ha ein høyringsrunde, slik at alle får tid å uttala seg i denne saka. Det er altfor tidleg å gjera eit vedtak 12.des-16. Det er mange utfordringar som må løysast. Det er vanskeleg å forstå at investeringane kan gjerast innafør ei ramme på 4 mill. For å kunna gjera eit godt vedtak i saka, må ein få fram realistiske behov både hjå barnehagen og skulen. Ein må i tillegg ta omsyn til miljøretta helsevern»

Ut i frå det som kjem fram i uttalane frå nemnde partar i skulesamfunnet, oppfattar SU at det rår stor usikkerheit i heile skulesamfunnet i høve framlegget frå rådmannen om å slå saman Stamnes Barnehage og Stamnes skule til eit oppveksttun i Sanden.

Slik SU ser det, er det svært vanskeleg å samla skule og barnehage i det eksisterande skulebygget. Skal det bli eit funksjonelt oppveksttun i Sanden, må det etter vår meining byggjast eit tilbygg til barnehagedelen med eit tilhøyrande trygt og stimulerande uteområde.

Skuleborna treng det eksisterande arealet til den daglege undervisninga. Ein treng romma for å gjennomføra ei forsvarleg opplæringa med god kvalitet. Skulen treng arealet for å kunna ta i bruk dei arbeidsmåtane og aktivitetane som læreplanen krev. SFO treng også det eksisterande lokalet til 10-12 born.

«Landskapet» er mykje brukt som samfunnshus i bygda, offentlege møte, konsertar o.l.

SU ved Stamnes skule vil med dette rå til at vedtaket om oppveksttun i Sanden vert utsett til saka er grundig utreia både pedagogisk, praktisk og økonomisk. Til dette arbeidet bør Vaksdal kommune etablere ei prosjektgruppe der personar med pedagogisk kompetanse frå både barnehage og skule, personar med byggteknisk kompetanse og representantar frå føresette i skule og barnehage vert representerte.

Me trur dette sikrar ein god prosess i denne saka.

Stamnes 24.11.16

Liv Eli Seime Stamnes  
- Sekr i SU-

Tonje Mo Tyssebotn  
-leiar FAU/SU-

Kopi til: Kommunalsjef, einingsleiar for barnehage og einingsleiar for skule